



**Vinje kommune**

*Økonomi, plan og utvikling*



Rogaland Fylkeskommune v/John Jastery

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
DHU	2009/525	18416/2011	123	14.11.2011

---

## **Høring av planforslag Regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Setesdal Austhei**

Oversender med dette saksframstilling med vedtak og kart jf vedtaket i Vinje kommunestyre  
3.11.11

Med helsing

Dorthe Huitfeldt  
prosjektmedarbeider

Vedlegg:

1 Kart





--

Arkiv saknr:	2009/525
Løpenr.:	16482/2011
Arkivkode:	123

Sakshandsamar: Dorthé Huitfeldt/Lasse Mathisen

## Høring av planforslag Regional plan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane Setesdal Austhei

### Vedlegg:

- 1 Regional plan for bruk og vern av Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei - høring av planforslag
- 2 Heiplanen, høringsutkast juni 2011
- 3 Adresseliste
- 4 Plankart (A3)
- 5 Saksprotokoll
- 6 Innspel Regionplanar og kommunedelplan for Vågslid Hallvard Homme
- 7 Innspel Homme - Kart
- 8 innspel og merknader til Fylkesdelplan hei-planen Bykleheia i Vinje Kommune
- 9 Kart over innspela frå Vinje kommune

### Dokument i saka:

St.meld.nr.21 (2004– 2005): Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand og St.meld.nr.26(2006– 2007): Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand.

### Bakgrunn:

Gjennom ein internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Noreg teke på seg ei plikt til å taka vare på villreinen. Denne regionale planen er eit ledd i dette arbeidet.

I dag utgjer villreinen i Noreg siste rest av denne arten i Europa, og stamma i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei er den sørligaste førekomsten. Desse heiområda utgjer soleis dei sørligaste fjellområda i Europa med intakte høgfjellssystem som inkluderer villrein. Globalt sett er villrein ikkje truga som art. Heller ikkje i Noreg reknar ein villrein som ein truga art. Likevel har den generelle samfunnsutviklinga ført til aukande fragmentering av villreinens leveområde i Sør-Noreg. Dei tidlegare samanhengande villreinstamma i Noreg

lever i dag i 23 meir eller mindre oppdela villreinområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å taka vare på villreinen som art på lang sikt.

Det nasjonale prosjektet "Villrein og samfunn"; om utfordringane i framtidig villreinforvaltning, var eit breitt samansett samarbeidsprosjekt i regi av Direktoratet for naturforvaltning. Det konkludera med ein publikasjon VISA- rapporten(NINA temaheftenr.27,2004), som gav ei rekkje anbefalingar for korleis Noreg kunne taka vare på villreinen for framtida. Dei mest relevante punkta i vår samanheng er følgjande:

- Heilskapsperspektiv for sikring av villreinens leveområde: oppretting av ni nasjonale villreinområde.
- Synliggjeriing og verdiforankring av vårt internasjonale ansvar: oppretting av to Europeiske villreinregionar.
- Differensiert arealforvaltning, regional planlegging og fastsetting av grenser for dei nasjonale villreinområda.
- Kvalitetskriterier for verdiskaping i fjellområda som tek vare på omsynet til villreinen og kulturen rundt den.
- Utvikling av ein meir samla nasjonal politikk for villrein fjella.

Tilrådingane i VISA- rapporten er fylgt oppi St.meld.nr.21 (2004– 2005): *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* og St.meld.nr.26(2006– 2007): *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*. Her slær ein fast at sikring av villreinens leveområde er eit nasjonalt mål. Dette skal m.a. skje ved å opprette "Nasjonale villreinområde", der avgrensing og innhald skal gjerast i regionale planprosessar, med grunnlag i eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei har begge status som Nasjonale villreinområde, men dei er framstilla samla i denne regionale planen. Områda vil og inngå i Europeisk villreinregion sør, saman med Hardangervidda og Nordfjella villreinområde, slik det gjeng fram av kartet i høyringsdokumentet.

### **Fylkestingsvedtaket**

Fylkestinga i Hordaland, Rogaland, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder har gjort likelydande vedtak om at det skal lagast ein regional plan for heiområda Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

Vedtaket er gjort med bakgrunn i det nasjonale målet om at fjellområda skal takast vare på som leveområde for sårbare artar, som regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levande bygder. Fjellområda skal forvaltast som landskap, der kultur- og naturressursar, næringsmessig utnytting og friluftsliv blir sikra og gjensidig utfyller kvarande. Villreinen har ein sentral plass i norsk natur, og det er eit nasjonalt mål at villreinens leveområde skal sikras. Godkjenning av denne regionalplanen gjer at det nasjonale målet om sikring av villreinens leveområde og blir eit viktig regionalpolitisk mål. Planen er omtala som Heiplanen.

### **Høyringsdokumenta**

Planen består av et plandokument datert juni 2011 og eit plankart dater 26.05.2011. Plandokumentet inneheld bakgrunn og mål for planarbeidet, planbeskrivelse, konsekvensutgreiing og handlingsplan. Plankartet viser forslag til arealsonering, som samsvarar med retningslinjer gjeve i plandokumentet. Dokumenta er og tilgjengelige på [www.heiplanen](http://www.heiplanen)

### **Handsaming av planen**

Dette er ein fylkeskommunal plan der kommunen har uttalerett, ikkje avgjerdsmynde. Det er styringsgruppa som innstiller til dei 5 fylkestinga. Dersom fylkestinga ikkje gjer likelydande vedtak går planen til endeleg avgjerd hjå Miljøverndepartementet.

### Hovudtrekka i planen

1. Heiplanen erstattar Fylkesdelplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene (2005) og utvidar planområdet med Setesdal Austhei.
2. Vedtekne reguleringsplanar, kommunedelplanar, kommuneplanar og andre fylkesdel(regional)planar gjeld.
3. Heiplanen gjev mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av planområdet. Retningslinjene og tilpassa arealformål skal innarbeidast i kommuneplanane. Heiplanen gjev og rammer for sakshandsaming av eventuelle søknadar om dispensasjon.
4. Hensynssoner på plankartet blir bruka som verkemiddel etter plan - og bygningsloven. Det etableras følgjande hensynssoner:
  - *Nasjonalt villreinområde (NVO)*
  - *Villrein*
  - *Bygdeutvikling*
  - *Trekkområde*
5. Det er i fyrste rekkje omsynet til villreinen som er avklara i denne planen. Det betyr at andre arealomsyn (natur, kulturminne/-miljø, friluftsliv, landskap mm) ikkje er avklara. Nemnde omsyn må ivaretakast gjennom ordinær kommuneplanlegging. Denne planen gjev følgjande avklaringar:
  - I *Nasjonalt villreinområde* skal villreinen ha fortrinn
  - I *hensynssone villrein* skal ein gjennom konsekvensutgreiing avklare forholdet til villreinen
  - I *hensynssone trekkområde* skal villreinens interesser ang. trekk prioriterast.
  - I *hensynssone bygdeutvikling* er omsynet til villreininteressene avklart.
6. Ved revidering av kommuneplan skal det i samarbeid med regionale mynde vurderast utarbeiding av kommunale sti - og løypeplanar med rekkefølgekrev til nye og eksisterande hytte- og reiselivsområde under utvikling.
7. Det skal vurderast å lage kommunal plan for motorferdsel, gjerne i samarbeid med nabokommunar.
  - Kommunane må i handsaming av einskilde saker etter lov om motorferdsle i utmark ta sikte på å styrkje næringsgrunnlag til lokale aktørar gjennom å gje løyver til næringskøyring.
8. Den formelle forvaltninga av verneområda endrast ikkje gjennom Heiplanen. Omsynet til villrein i og utafor verneområda blir forsterka ved oppretting av hensynssone Nasjonalt villreinområde mm.
9. Nasjonalt villreinområde og hensynssone villrein utgjer ikkje grenser for jaktforvaltning, dvs. teljande areal og valdgrenser. Slike grenser setjast av Villreinnemnda i samarbeid med Villreinlaga, etter kriterium gjeve i nasjonale forskrifter.
10. Nasjonalt villreinområde skal inngå i ein Europeisk villreinregion, saman med Hardangervidda og Norefjella.

### Vurderingar:

#### A Til plankategoriene

Dette er ein av 9 regional planar knytt til villrein fjella. Denne fylkesdelplanen utgjer, saman med Hardangervidda og Nordfjella villreinområde, **Europeisk villreinregion sør**. Det er likevel ikkje gjeve føringar/sett krav om frå Miljøverndepartementet om å nytte like arealkategoriar. Fylkesdelplan Hardangervidda, som nærmar seg slutthandsaming, og "Heiplanen" tangerer kvarandre i Kjelavassdraget. Soleis ligg kommunedelplan Vågslid i 2 ulike fylkesdelplanområde. Planane har fått heilt forskjellige plankategoriar.

I Hardangerviddaplanen nyttar ein følgjande kategoriar:

- Nasjonalt villreinområde. Arealet er verna etter naturvernlova dvs område i nasjonalparken som og er villreinområde (sone A)
- Nasjonalt villreinområde (sone B)
- Fjell og anna utmark (sone C)
- Stølsdalar og anna utmark (sone D)
- Fjell og fjordbygder (sone E)
- Reiseliv (sone G)
- I tillegg skravur som visar område for friluftsliv, andre verna areal, viktige trekkområde og andre trekkområde

For Vinje kommune og grunneigarane i Vågslid er det svært viktig å få eitt likt planverktøy for heile kommunedelplanen.

### **B Til hensynsone villreintrekk**

Sonene er merkt slik at ein ikkje skil mellom viktige og mindre viktige trekk. Dette meiner vi er ei ulempe når ein skal handsame saker i områda seinare.

Det må skiljast mellom viktige, mindre viktige og historiske trekk.

### **C Om Vågslid**

Endringane her tek utgangspunkt i dei kategoriane som er bruka i planforslaget, sjølv om vi meiner det bør samordnast med Hardangerviddaplanen.

I fylkesdelplan Hardangervidda er kommunedelplan Vågslid omtala som *hensynsone reiseliv*. Det bør derfor vere sjølvstendig at den delen av kommunedelplanen som ligg i Heiplanen blir omtala som *hensynsone bygdeutvikling*, som er den hensynssona som liknar mest på *hensynsone reiseliv* i Hardangerviddaplanen.

Dette er eit praktisk eksempel på korleis ulike plankategoriar i same området forvirrar. Det mest naturlege hadde vore at heile området hadde vore omtala som *hensynsone reiseliv*.

Fylkesdelplanane er overordna planar, meir detaljert planlegging skal skje i kommunale planprosessar og ein må kunne forstå meininga i fylkesdelplanane på lik måte i same område.

Utanfor kommunedelplan Vågslid er det gjeve kategorien *hensynsone villrein*, det bør vurderast om den arealsona skal omkransje heile kommunedelplanen.

### **D Om Bykleheia**

Kommunen har fått innspel om at hytteområda v/Vamark og Stokketjønn-Sæsvatn, som i dag er teiknet inn som *hensynsone villrein*, bør endrast til *hensynsone bygdeutvikling*. Området har over 200 hytter, fleire (4) aktive stølar og er viktig med tanke på ei viss utvikling av eigedomane.

Vi blei på eit møte i Vågslid 12.10 gjort kjent med at einskilde grunneigarar i område kunne tenke seg ytterlegare utviding av ei *hensynsone bygdeutvikling*.

Vidare er store deler av desse områda "bandlagt" med *hensynsone villreintrekk*. Desse sonene er teikna inn alt for store, og korkje kommunen eller grunneigarane kjenner seg att i desse. Frå gamalt av er det trekkorridorar i området, men i dag går ikkje trekket rett igjennom hytteområda og dei er i svært liten bruk (om de i heile tatt er i bruk, gps merkingane har så langt ikkje gjeve klare tilbakemeldingar på det).

Trekket Vamark er ikkje i bruk og bør gå ut, eventuelt endrast som vist på vedlagde kart.

Trekket Stokketjønn- Sæsvatn gjev inntrykk av å vere eit hovudtrekk. Det går rett gjennom det mest utbygde hytteområdet og over Rv. 9. Det er ulogisk at det blir ståande og det bør endrast som vist på vedlagde kart.

*Hensynsone trekkområde* bør altså avgrensast til områda Nybulia-Hjalmardalen-Grønnuten og Vamark-Tandreskei-Vågslid (i området rett nord for dammen på Langeidvatn).

Dette samsvarar med innspela frå grunneigarane.

## **Rådmannens framlegg til tilråding:**

- 1. Arealkategoriane i den Europeisk villreinregion sør må vere dei same**
- 2. Villreintrekka må skilje mellom viktige og mindre viktig og historiske trekk**
- 3. Kommunedelplan Vågslid skal ha kategori hensynssone bygdeutvikling**
- 4. Det bør vurderast om heile kommunedelplan Vågslid bør vere omkransa av arealsone hensynssone villrein**
- 5. Villreintrekka på Bykleheia må vere meir presise og trekket Vamark må takast ut**
- 6. Området v/Vamark og Stokketjønn-Sæsvatn skal ha kategori hensynssone bygdeutvikling jf vedlagde kart**

Rådmannen,

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

## **Handsaming i Plan og miljøutvalet 26.10.2011:**

Det blei teke opp spørsmål om Svein Ekre og Nils Vågslid er inhabile i saka jf. FVL §6. Utvalet fann at Svein Ekre var gild med 3 mot 2 røyster.

Utvalet fann samrøystes at Nils Vågslid var gild.

### Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

- Endring pkt 5: Stryke fram til: "trekket Vamark .....
- Endring i pkt. 6: Stryke " og Stokketjønn – Sæsvatn."
- Tillegg: Pkt. 2.10 – Rekningslinjer, pkt. 2.10.1 Bygg, kulepkt 2(side 17 i planen) - tillegg: "eller konkrete planar og ressursgrunnlag for slik næring."

### Framlegg frå Sp v. Tone Edland:

Tillegg:

Stammestorleik må vera eit av drøftingsmomenta i framtidig rullering.

### Røysting:

Pkt. 1: Samrøystes vedteke

Pkt. 2: Samrøystes vedteke

Pkt. 3: Samrøystes vedteke

Pkt. 4: Samrøystes vedteke

Pkt. 5: Ein røysta fyrst om pkt. 5 skulle vere med: Det blei vedteke å ta med punktet med 5 mot 2 røyster. Ein røysta deretter over rådmannens framlegg til pkt. 5 eller framlegget til Høgetveit. Rådmannens framlegg blei vedteke med 4 mot 3 røyster.

Pkt. 6: Ein røysta fyrst om pkt. 6 skulle vere med: Det blei vedteke å ta med punktet med 4 mot 3 røyster. Ein røysta deretter over rådmannens framlegg til pkt. 6, eller framlegget til Høgetveit. Framlegget til rådmannen blei vedteke med 4 mot 3 røyster.

Tillegg frå Høgetveit: blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

Tillegg frå Edland: blei vedteke med 5 mot 2 røyster.

Vedtaket blei då:

1. **Arealkategoriene i den Europeisk villreinregion sør må vere dei same**
2. **Villreintrekka må skilje mellom viktige og mindre viktig og historiske trekk**
3. **Kommunedelplan Vågslid skal ha kategori *hensynssone bygdeutvikling***
4. **Det bør vurderast om heile kommunedelplan Vågslid bør vere omkransa av arealsone *hensynssone villrein***
5. **Villreintrekka på Bykleheia må vere meir presise og trekket Vamark må takast ut**
6. **Området v/Vamark og Stokketjønn - Sæsvatn skal ha kategori *hensynssone bygdeutvikling* jf vedlagde kart**
7. **Pkt. 2.10 – Retningsliner, pkt. 2.10.1 Bygg, kulepkt. 2 (s. 17 i planen) – tillegg: “eller konkrete planar og ressursgrunnlag for slik næring.”**
8. **Stammestorleik må vera eit av drøftingsmomenta i framtidig rullering.**

Saksordførar: Roar Berg Hansen

### **Handsaming i Kommunestyret 03.11.2011:**

#### Framlegg frå SV v. Øystein Høgetveit:

- Endring pkt 5: Stryke fram til: “trekket Vamark .....
- Endring i pkt. 6: Stryke ” og Stokketjønn – Sæsvatn.”

#### Framlegg frå SV v. Johan Vaa:

Framlegg til nytt pkt.:

Ein plan som dette bør nemne formelle tilhøve korrekt. På side 6 heiter det:

“Gjennom en internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge påtatt seg en klar forpliktelse til å ta vare på villreinen.”

Dette er ikkje korrekt. Å taka vare på villreinen er eit ansvar som Noreg har pålagt seg sjølv. Dette gjeng fram av brev frå Statsråden til Fylkeskommunane, dagsett 12.04.07. Ein bed om at dette blir retta opp i den endelege planversjonen.

#### Røysting:

Ein røysta over punkt for punkt.

Pkt. 1 – blei samrøystes vedteke

Pkt. 2 – blei samrøystes vedteke

Pkt. 3 – blei samrøystes vedteke

Pkt. 4 – blei samrøystes vedteke

Pkt. 5 – Ein røysta fyrst over om ein ynskte å ha punktet med eller ikkje. Det blei vedteke med 21 mot 4 røyster at punktet skulle vere med. Ein sette deretter Høgetveits framlegg opp mot framlegget til plan- og miljøutvalet. Framlegget til Høgetveit blei vedteke med 16 mot 9 røyster.

Pkt. 6 - Ein røysta fyrst over om ein ynskte å ha punktet med eller ikkje. Det blei vedteke med 20 mot 5 røyster at punktet skulle vere med. Ein sette deretter Høgetveits framlegg opp mot framlegget til plan- og miljøutvalet. Framlegget til Høgetveit blei vedteke med 14 mot 11 røyster.



Pkt. 7 - blei samrøystes vedteke

Pkt. 8 - blei samrøystes vedteke

Framlegget til Vaa blei vedteke med 17 mot 8 røyster.

1. **Arealkategoriane i den Europeisk villreinregion sør må vera dei same**
2. **Markering og omtale av villreintrekka må skilje mellom viktige og mindre viktig og historiske trekk**
3. **Kommunedelplan Vågslid skal ha kategori *hensynssone bygdeutvikling***
4. **Det bør vurderast om heile kommunedelplan Vågslid bør vere omkransa av arealsone *hensynssone villrein***
5. **Trekket Vamark må takast ut**
6. **Området v/Vamark skal ha kategori *hensynssone bygdeutvikling* jf vedlagde kart**
7. **Pkt. 2.10 – Retningsliner, pkt. 2.10.1 Bygg, kulepkt. 2 (s. 17 i planen) – tillegg: “eller konkrete planar og ressursgrunnlag for slik næring.”**
8. **Stammestorleik må vera eit av drøftingsmomenta i framtidig rullering.**
9. **Ein plan som dette bør nemne formelle tilhøve korrekt. På side 6 heiter det:  
“Gjennom en internasjonal avtale (Bern-konvensjonen) har Norge påtatt seg en klar forpliktelse til å ta vare på villreinen.”  
Dette er ikkje korrekt. Å taka vare på villreinen er eit ansvar som Noreg har pålagt seg sjølv. Dette gjeng fram av brev frå Statsråden til Fylkeskommunane, dagsett 12.04.07. Ein bed om at dette blir retta opp i den endelege planversjonen.**

# HEIPLANEN, Vedtak Vinje Kommune styre

03.11.11

